



Handlingsprogram 2023–2026 for ATP Telemark

for Regional plan for samordna areal og transport (ATP) for Telemark 2015–2025



Innhold

1. Innleiing	2
1.1. Overordna mål og strategiar	2
1.2. Føringer for nytt handlingsprogram	3
1.3. Økonomi og budsjett	3
1.4. Hovudgrep	3
1.5. Geografisk avgrensing	4
1.6. Verdi for framtida	4
1.7. Politikk gir resultat	5
2. Handlingsprogram 2023–2026	6
2.1. Attraktive, klimasmarte og inkluderande byar og tettstader	6
2.2. Kollektiv og mobilitet	15
2.3. Fylkeskommunal infrastruktur og trafikktryggleik	19
2.4. Andre område	21
2.5. Statleg påverknadsarbeid	23
3. Vedlegg	26

Handlingsprogram (HP) 2023–2026 for Regional plan for samordna areal og transport i Telemark 2015–2025 skal bidra til regional utvikling av eit berekraftig og attraktivt Telemark med vekt på klima, arbeidsplassar, befolkningsvekst og levekår. Dette handlingsprogrammet skal bidra til å nå mål i den regionale planen gjennom **innsats i perioden 2023–2026**.

1. Innleiing

1.1. Overordna mål og strategiar

Befolkningsvekst skal skapast ved å velje løysingar som sikrar attraktivitet for bedrifter, bebuarar og besøkande.

Berekraft skal skapast ved å velje areal- og transportløysingar som fremjar miljøvenleg transport, trafikktryggleik, god folkehelse og god samfunnsøkonomi.

Sjå elles [ATP Telemark 2015–2025](#) med mål for kvart satsingsområde. Planen skal bidra til regional utvikling gjennom innsats på samordna areal og transport som uttrykt i overordna strategiar:


H - Satse på hovudferdselsårer for større mobilitet for arbeidsreisande og næringstransport

TS - Trygging av skuleveggar for betre folkehelse og trivsel

K - Styrke kollektivknutepunkt for eit meir brukarvenleg og effektivt kollektivtilbod

ET - Effektivisere transportsystemet for meir miljøvenleg transport, god forvaltning og framkome

BT - Styrke byar og tettstadar for trivsel, miljø og utvikling



Om strategiane skal gje gode resultat avheng av samkøyrd budsjett og samhandling på tvers i samfunn og forvaltningsnivå (sjå figur), der fylkeskommunen har eit samordningsansvar.

ATP leiing for berekraftig og attraktiv samfunnsutvikling gjennom samhandling på tvers av fag, nivå, roller og ansvar (heksa helix).

1.2. Føringer for nytt handlingsprogram

Handlingsprogrammet byggjer på:

- Handlingsprogram 2015–2018 og 2019–2022 for ATP Telemark 2015–2025
- Regional planstrategi for Vestfold og Telemark (RPS) 2020–2024, sak 166/20
- Vedtak om arealnøytralitet i fylkestingssak 178/21 og nasjonale føringer for jordvern og naturmangfald
- Vedtak om klimamål med 60 % kutt for fylket i fylkestingssak 17/19 og om 70 % kutt i direkte klimagassutslepp frå Vestfold og Telemark fylkeskommune i sak 178/21
- Regionale strategiar for fylkesveg, båt og ferje, sykkel og for kollektivløysingar i område med låge passasjertal/utanfor bykjernar
- Regionale hei- og fjellplanar, igangsett kystsoneplan og regional plan for trafikktryggleik
- Innspel frå kommunar, regionale myndigheiter, interne fagmiljø

For statleg infrastruktur:

- Investeringsane knytt til riksveg, kyst og jernbane er lagt inn slik dei kjem fram i første 6-årsperiode av NTP 2022–2033
- Vedtak i fylkestinget i sak 62/20 med innspel til NTP 2022–2033 leggst til grunn for arbeid med statleg infrastruktur. Vedtak om innspel til NTP 2025–2036 vil deretter leggst til grunn.

Nye vedtak vil leggst til grunn for alle relevante fagområde i det løypande arbeidet med oppfølging av handlingsprogrammet. Revisjon av Regional plan for samordna areal og transport i Telemark 2015–2025 handsamast i Regional planstrategi 2024-2028. Rullering tar tid, difor HP 2023–2026.

1.3. Økonomi og budsjett

Fylkeskommunen sine budsjett og investeringsprogram vil legge føringer for dei økonomiske rammene i perioden. I handlingsprogrammet er det lagt inn øyremerkte midlar til ulike mindre tiltak. For større område som fylkesveg og kollektiv blir dei totale rammene endeleg vedtekne i dei årlege mål- og budsjettdokumenta og vil avhenge av rammeoverføringane til fylkeskommunen via statsbudsjettet. Spleiselag og nytte av ressursar på tvers av ulike fagområde og forvaltningsnivå er naudsynt for å nå fleire mål for satsingsområda. Der det ikkje er ført opp finansiering i handlingsprogramtabellen blir det arbeidd strategisk eller administrativt i samhandling med aktuelle aktørar for å følgje opp planen. Budsjett til gjennomføring er nøkkel til å lukkast.

1.4. Hovudgrep

Nye vedtak om **arealnøytralitet** og skjerpa **klimamål** harmonerer godt med tradisjonelle prinsipp om samordna areal- og transportplanlegging, men vil innebere ei innskjerping av gjeldande praksis. Rett lokalisering, fortetting med kvalitet og effektive løysingar for mjuke trafikantar må til for at transportveksten skal skje med gange, sykkel og kollektiv. Konsentrert arealbruk vil samstundes redusere utbyggingspress på naturområde og dyrka mark utanfor byer og tettstader, og bidra til inkluderande løysingar.

Eit langsiktig hovudgrep i ATP Telemark er at **minimum 70 % av bustadveksten** skal kome innanfor tettstadsgrensene. Det skal sikre levande byar og tettstadar, korte avstandar i kvardagen og

redusere spreidd nedbygging. Handel, sentrumstilpassa næring og tenester skal lokalisast innanfor sentrumsgrensene for å styrke tilbod, næringsliv og inkludering. Kollektivknutepunkt og -tilbod skal legge til rette for fleire miljøvennlege reiser og betre tilgjenge for alle, spesielt for dei som ikkje disponerer bil. Tiltak skal ha **stadtilpassing og kvalitet** knytt til landskap og omgjevnader. Omsyn til folkehelse og universell utforming, barn og ungdom, eldre, innvandrarar og grupper i samfunnet som sjeldan er representert i plan- og prosjektprossessane skal ivaretakast.

Nettverk for kunnskapsdeling, forskning og innovasjon skal vidareutviklast. Dei er sentrale for å inspirere og målrette innsats som gir klimasmart, inkluderande, samfunnsøkonomisk og attraktiv areal- og transportutvikling, politisk og på tvers av sektorar og fagmiljø.

For den lokale **kollektivtrafikken** gir vedtak i hovudutval for samferdsel i sak 74/21 om bruttoavtaler større styring og fleksibilitet i komande anbod, og ein kan lettare teste ut nye tilbod utan å kompensere for endringsrisiko.

1.5. Geografisk avgrensing


Verkeområdet til handlingsprogrammet og ATP Telemark er grovt sett Telemark utanom byområdet Grenland.

Regional plan for samordna areal og transport i Grenland 2014–2025 er i RPS 2020–2023 vedtatt revidert. Oppdatert strategi for byutvikling og transport vil danne grunnlag for en revidert regional plan med handlingsprogram. Grunnlag for proposisjon til Stortinget for Bypakke Grenland fase 2 og langsiktig byvekstavtale med staten er i prosess, ref. fylkestingsvedtak hausten 2021. Det leggst opp til lokale vedtak i 2023.

1.6. Verdi for framtida


Verdiskaping gjennom grøn omstilling og samhandling for å løyse komplekse samfunnsutfordringar er sentralt i handlingsprogrammet 2023–2026, forankra i RPS. Tydelege satsingsområde med budsjett mobiliserer. Innsats vil gi resultat.

Areal- og transport, by-, tettstadutvikling og grøn mobilitet er sentrale verkemiddel for å nå mål for klima- og berekraftutviklinga i kommunane og regionane. Vanlege barrierar for gjennomføring er kapasitet, kompetanse og økonomi. Gjennomføringskrafta avheng av folk, budsjett, kunnskap og samhandling. Saman kan vi bidra til grønare løysingar - i vid forstand. Det krev innsats og samhandling for å nå mål for berekraft og attraktivitet i Telemark.



1.7. Politikk gir resultat

Politikk styrer ressursar for innsats og gjennomføring. Resultat kjem i stor grad ut frå det ein prioriterer. Kva skal til for å lukkast med samordna areal- og transportutvikling og levande byar og tettstader i Telemark?



2. Handlingsprogram 2023–2026

Innholdsoversikt	Teiknforklaring og forkortingar			
Attraktiv, klimasmart og inkluderande by- og tettstadsutvikling	X – størst effekt og hovudansvar for tiltaket	H	Satse på hovudferdselsårer	
Kollektiv og mobilitet	X – stor effekt og stort medansvar	TS	Trygging av skuleveggar	
Fylkeskommunal infrastruktur og trafikktryggleik	x – aktuell for strategien og medansvar	K	Styrke kollektivknutepunkt	
Andre område	I – investering	ET	Effektivisere transportsystemet	
Statleg påverknadsarbeid	D – drift og vedlikehald	BT	Styrke byar og tettstader	

NB: Beløp i budsjettkolonnar vil justerast årleg etter prisutvikling og eventuelle nye vedtak. Summar er i millionar kroner.

2.1. Attraktive, klimasmarte og inkluderande byar og tettstader

Attraktive, klimasmarte og inkluderande byar og tettstader															
Satsings- område	Støtter strategi					Finansiering				Gjennomføringsansvar				Kva vil vi oppnå?	Korleis gjer vi det?
	H	TS	K	ET	BT	2023	2024	2025	2026	Stat	Fylke	Kom.	Andre		
Hierarkisk og fleirkjerna senter- struktur			x		X					x	X	X	x	Levande regionar og sentra med tydeleg rolle og tilbod for staden, omlandet og regionen. Region- og distriktsutvikling gjennom stadutvikling.	Styrke byar og tettstader gjennom strategisk stadleing og samhandling. Bygge på lokale fortrinn i regionen og stadidentitet ved lokalisering og utvikling etter prinsipp for samordna areal- og transportplanlegging. Vere part i bygdevekst- og regionvekstavtaler.

Attraktive, klimasmarte og inkluderende byar og tettstader

Satsings- område	Støtter strategi					Finansiering				Gjennomføringsansvar				Kva vil vi oppnå?	Korleis gjer vi det?
	H	TS	K	ET	BT	2023	2024	2025	2026	Stat	Fylke	Kom.	Andre		
Areal- nøytralitet	x	x	x	x	X					x	X	X	x	Redusert klimagassutslepp frå endra arealbruk. Ivareta og stoppe nedbygging av myr og viktige landbruks-, natur-, friluftslivs-, villrein- (LNFR), landskaps-, kultur-, geologiske og ikkje fornybare verdier. Godt samarbeid mellom kunnskapsmiljø om å kartlegge natur- og kulturverdier, spesielt i pressområde for utbygging.	Samarbeide med kommunane som arealmynde for å unngå nedbygging og stadspreiging. Gjennomføre tiltak med minimale inngrep, transformasjon av allereie utbygde område, gjenbruk og tilpassa løysingar, spesielt for kulturmiljø. Sikre LNFR-områda gjennom berekraftig utvikling av byar og tettstader, fritidsbusetnad, næringsareal, handel, offentleg verksemd og infrastruktur. Ikkje tillate å leggje ut bustad- og næringsareal på dyrka og dyrkbar mark. Utarbeide matjordplan dersom dyrka/dyrkbar jord unntaksvis går tapt. Føre arealbudsjett og arealrekneskap saman med kommunane og fagmiljø. Kartlegge, auke kunnskap og følgje opp strategiar for naturkartlegging med naturtypar og -mangfald, økosystem, landskap, kulturmiljø og kulturminne og unngå å bygge desse ned. Sikre og utvikle verdsarvområdet i Vinje, Tinn og Notodden, nasjonale og regionale landskapsvernområde og parkar.
Tydelege tettstad- og				x	X					x	x	X		Levande byar og tettstader med lokalt forankra	Forankre langsiktige utviklingsgrenser for tettstad og sentrum i kommuneplanar og handheve desse

Attraktive, klimasmarte og inkluderande byar og tettstader

Satsings- område	Støtter strategi					Finansiering				Gjennomføringsansvar				Kva vil vi oppnå?	Korleis gjer vi det?
	H	TS	K	ET	BT	2023	2024	2025	2026	Stat	Fylke	Kom.	Andre		
sentrums- grenser														utviklingsgrenser og føreseielege høve for lokalisering og investering innanfor desse, korte avstandar og fleire gåande og syklande. Vern av sentrumsnær myr, LNFR, naturressursar og geologiske førekomstar, fjellområda, kyst- og vassdrags soner, nasjonal- og regionalparkar, verdsarvområdet, kulturminne, kulturmiljø og landskap.	gjennom planlegging, rettleiing, lokalisering og vidareutvikling. Følgje opp nasjonal jordvernstrategi og vern av matjord, landbruks-, natur-, friluftsliv- og villreinområde (LNFR) tett på byar og tettstadar. Evaluere kravet om at 70 prosent av veksten i nye bustader skal kome innanfor tettstadsgrensene i kommunane. Involvere kommunane i prosessen.
Reduserte klimagass- utslepp frå byar og tettstader	X	x	x	x	X					x	x	X	x	Bidrag til minska utslepp med 60% innan 2030 samanlikna med 2009 frå transport og tiltak på infrastruktur, stadutvikling, bygging og drift, og gjennom vern av myr og LNFR-område.	Sørge for rettleiing, kunnskapsdeling og utviklingsarbeid knytt til minska klimaavtrykk gjennom rett lokalisering og grønn mobilitet, fortetting med høg kvalitet, gjenbruk og fleirbruk, bygging, energiløysingar, infrastruktur og vern av areal.
Rett lokalisering	x	x	x	x	X					x	x	X	x	Klimasmarte, attraktive, samfunnsøkonomiske og inkluderande byar og	Hindre byspreiing. Følgje opp retningslinjer og føresegn i ATP Telemark 2015-2025 og statlege

Attraktive, klimasmarte og inkluderende byar og tettstader

Satsings- område	Støtter strategi					Finansiering				Gjennomføringsansvar				Kva vil vi oppnå?	Korleis gjer vi det?
	H	TS	K	ET	BT	2023	2024	2025	2026	Stat	Fylke	Kom.	Andre		
														tettstader. Godt utnytta og attraktive sentrums-, handels- og næringsareal med rett innhald på rett stad. Verdiskaping og føreseieleg handels- og næringsutvikling i sentrum. Lokalisering som styrker berekraftige byar og tettstader og fremmar helse, miljø og livskvalitet. Redusert transportbehov og utslepp. Veksten i persontransport skjer ved grøn mobilitet, der fleire går, sykklar og reiser kollektivt. Høgare nytte og sambruk av eksisterande infrastruktur, bygg og tilbod. Ingen negativ arealutvikling i vegkryss og langs ny infrastruktur perifert frå byar og tettstader.	planretningslinjer for samordna bustad, areal og transportplanlegging. Lokalisere handel, større arbeidsplassar, co-works og næringshagar, skular og tenestetilbod, service, kommersielle, kulturelle og sosiale funksjonar, kollektivknutepunkt og bustader i sentrum. Vurdere ombruk og transformasjon. Gjennomføre analyser for mobilitet og handel ved etablering og utvidingar av funksjonar. Samarbeide om fleirbruk for offentlege bygg og infrastruktur og smarte løysingar med handel i sentrum og ev. lager utanfor. Unngå handelsetableringar i vegkryss utanfor sentra. Bruke planforum, planuttaler og fagnettverk.
Fortetting med høg kvalitet	x	x	x	x	X	0,4 D	0,4 D	0,4 D	0,4 D	x	X	X	x	Auka tettleik i byar og tettstadar som bygger opp under arealnøytralitet og stadidentitet, korte avstandar,	Stadtilpasse fortetting med kvalitet, samstundes som det er eit mål å lokalisere minimum 70% av bustadveksten innafor <i>tettstadgrenser</i>, og

Attraktive, klimasmarte og inkluderande byar og tettstader

Satsings- område	Støtter strategi					Finansiering				Gjennomføringsansvar				Kva vil vi oppnå?	Korleis gjer vi det?
	H	TS	K	ET	BT	2023	2024	2025	2026	Stat	Fylke	Kom.	Andre		
														grøn mobilitet og tilgjenge for alle. Høg utnytting i område som toler fortetting. Vern av kulturmiljø der det er viktig og riktig. Gode byrom for alle og bymiljø med blågrøne strukturar, klimatilpassing og urbant landbruk, kulturmiljø, arkitektur og estetikk, gjenbruk og fleirbruk av bygg, god funksjonsblanding med varierte tilbod, møteplassar, næringsliv, handel, tenester og bustadmiljø. Nærleik til kollektivknutepunkt, friluftsliv, kultur- og idrettsarenaer, leike- og møteplassar for alle. Vere førebudd på klimaendringar og redusere skader årsaka av endra klima. Klimatilpassing som gir meirverdi i attraktive byrom og auka naturmangfald.	detaljhandel, kontor, tenester og møteplassar innafor <i>sentrumsgrenser</i>. Støtte opp om moglegheitsstudiar, arkitektkonkurransar, byromstrategiar og medverknad innan fortetting og stadutvikling. Fremje berekraft, attraksjonskraft, estetikk, arkitektur, kulturmiljø og landskap i planar, prosjekt, tiltak og fagnettverk. Sikre, utvikle og klimatilpasse med blågrøne strukturar og grøne offentlege rom. Rettleie, dele kunnskap og støtte opp om tiltak for å fordryge overvatn, sikre flaumvegar, minske skredfare og bygge smart. Styrke plankompetansen og involvere ungdomsråda, råda for personar med nedsett funksjonsevne og eldreråda i plan- og utviklingsarbeid. Sørge for inkluderande løysingar for barn, unge og eldre og universell utforming. Følgje opp tema i regional plan for folkehelse med handlingsprogram og strategiar med handlingsprogram for kultur, næring, reiseliv og opplevingar som gjeld byar og tettstadar.

Attraktive, klimasmarte og inkluderende byar og tettstader

Satsings- område	Støtter strategi					Finansiering				Gjennomføringsansvar				Kva vil vi oppnå?	Korleis gjer vi det?
	H	TS	K	ET	BT	2023	2024	2025	2026	Stat	Fylke	Kom.	Andre		
Småby- og bygdepakker	x	x	x	x	X	0,3 D	0,3 D	0,3 D	0,3 D	X	X	X	x	Forpliktande, tverrfagleg samarbeid med partnarskapsavtaler og spleiselagsbudsjett for å nå felles mål for berekraftige og attraktive småbyar og bygdebyar, etter prinsipp for samordna areal- og transportplanlegging og stadutvikling. Nullvekstmål for auke i lokal persontransport med bil og nullvisjon for drepne i trafikken.	Bidra med spleiselag og delta aktivt i partnarskap for <i>gjennomføring</i> og forskning på framtidsretta småby- og bygdepakker for attraktiv, inkluderande og klimavenleg stadutvikling som t.d. Bygdepakke Midt-Telemark, Småbypakke Rjukan by, Småbypakke Bymiljø Kragerø, Regional bygdepakke Vest-Telemark, bygdevekst- og regionvekstavtarar. Følgje opp regionale planar og strategiar innan areal- og transport og andre oppsluttande tema for berekraftig og attraktiv stadutvikling.
Grøn mobilitet	x	X	X	X	X	0,1 D*	0,1 D*	0,1 D*	0,1 D*	x	X	X	x	Det skal vere lett og attraktivt å velje miljøvenleg transport. Auka konkurransekraft for å gå og sykle og velje kollektivreiser. <i>* Gjeld t.d. Småbypakke Rjukan by og Sykkelpakke Dalen.</i>	Prioritere mjuke trafikantar, dele- og kollektivtransport i plan og prosjektarbeid gjennom rett lokalisering, fortetting med kvalitet, knute- og mobilitetspunkt og tilgjengeleg infrastruktur i tråd med retteleiar for grøn mobilitet og regionale strategiar og planar. Gjennomføre gateutforming som prinsipp innanfor tettstadgrensene. Omdisponere og dele gateareal med mjuke trafikantar.

Attraktive, klimasmarte og inkluderande byar og tettstader

Satsings- område	Støtter strategi					Finansiering				Gjennomføringsansvar				Kva vil vi oppnå?	Korleis gjer vi det?
	H	TS	K	ET	BT	2023	2024	2025	2026	Stat	Fylke	Kom.	Andre		
														** Til Sykkelbyavtale med Bygdepakke Midt-Telemark. ***Søkbare midlar til tiltak for sykkel og gonge	Sikre kartlegging, planlegging, gjennomføring, drift og vedlikehald for grøn mobilitet og reisevanar. Støtte opp om haldningsskapande arbeid, parkeringshøve som bygger opp under miljøvenleg transport, bylogistikk, gatebruk, barne- og folketråkk, nasjonal gåstrategi og regional strategi for sykkel, attraktive gang- og sykkelveggar, skuleveggar, hjartesonar, snarveggar, sentrumsnære universelt utforma turveggar, vandre- og sykkelruter til/frå og i sentra. Fastsette mobilitetsplan og rekkefølgjekrav til gs-tiltak og TS-tiltak ved t.d. bustadutbygging, handels- og arbeidsplassetableringar og ny skulestruktur. Drifte fagnettverk for kunnskapsdeling.
Sentrums- nære universelt utforma turveggar og andre helse- fremmande nærmiljø- tiltak		x	x	x	X	0,2 D	0,2 D	0,2 D	0,2 D	x	X	X	x	Attraktive sentrumsnære universelt utforma turveggar i alle kommunar. Turveggar på nedlagde jernbanespor, tilrettelagte vandre-, sykle- og padleruter. Tilgjengelege og trivelege stader og møteplassar for alle.	Vidareføre fagnettverk, kartlegging, planarbeid og gjennomføring av attraktive universelt utforma sentrumsnære turveggar og inkluderande samfunn i alle kommunane. Sikre tilgjengelegheit for alle. Støtte opp om folkehelseiltak som fleirbruk og inkluderande aktivitet, møteplassar og nærmiljøtiltak.

Attraktive, klimasmarte og inkluderende byar og tettstader

Satsings- område	Støtter strategi					Finansiering				Gjennomføringsansvar				Kva vil vi oppnå?	Korleis gjer vi det?
	H	TS	K	ET	BT	2023	2024	2025	2026	Stat	Fylke	Kom.	Andre		
															Samarbeide og nytte nasjonale kontaktar og læringsnettverk.
Urbant landbruk					X					x	x	X	x	Frodige byar og tettstader med dyrkingsområde i byrom og på tak, som fordryger overvatn, bidreg til jordforbetring, matauk og matberedskap, kunnskap om dyrking og spiselege, inkluderande møtestader.	Følgje opp pågåande regional strategi for urbant landbruk og nasjonal strategi for urbant landbruk . Støtte tiltak og aktørar, bygge nettverk, kunnskap og delingskultur for å auke urban dyrking, som spiselege byrom, skulehagar og sansehagar.
Trivelege bustadmiljø for ulike aldrar		x	x		X					x	x	X	x	Attraktive, trygge, energismarte og kostnadseffektive bustadmiljø, bustader og buformer i byar og bygdebyar. Innovasjon innan sentralt lokaliserte, aldersvennlege og nye nabolag, bustadmiljø og bustadformer, prøvebustader og delingsløyser. Auka attraktivitet og funksjonalitet for ungdom, unge vaksne og barnefamiliar.	Samarbeide med kommunar, Distriktssenteret og Husbanken om aldersvenleg stadutvikling og inkluderande bustadmiljø og buformer . Stimulere til attraktive, kostnadseffektive (prøve)bustader for unge vaksne. Støtte opp om varierte bustadformer , arkitektkonkurransar og innovative bygg- og energiløysingar for ulike målgrupper. Sikre stadtilpassa nabolag, bygg, ute- og leikeområde.

Attraktive, klimasmarte og inkluderande byar og tettstader

Satsings- område	Støtter strategi					Finansiering				Gjennomføringsansvar				Kva vil vi oppnå?	Korleis gjer vi det?
	H	TS	K	ET	BT	2023	2024	2025	2026	Stat	Fylke	Kom.	Andre		
Eventyrlege stader					X					x	x	X	x	Eit mangfald av kreative møteplassar som styrker stadkarakter, tilhøyre, bulyst og identitet, spesielt for barn, ungdom og unge vaksne. Sterke inntrykk gjennom små avtrykk, som aukar stadkjensle og attraktivitet for bebuarar, bedrifter og besøkande.	Gjennomføre kunstnariske og kreative prosessar som formidlar gamle og nye soger gjennom design og arkitektur i byrom (t.d. solspegelen og torget på Rjukan i Tinn, sjøormtårnet i Seljord, Hamaren i Fyresdal og Soria Moria badstova på Dalen i Tokke).
Nasjonal og internasjonal kunnskapsdeling	x	x	x	x	X					x	X	x	x	Tilgang til kunnskap, deling og inspirasjon i faglege og innovative nettverk. Kompetanseheving, testing og forskning for smart gjennomføring. Betre tverrfagleg samhandling om stadutvikling.	Anvende, vidareutvikle og bygge nye relevante nettverk regionalt, nasjonalt og internasjonalt. Anvende og initiere pilotprosjekt og forskning i samarbeid med kommunane o.a. Følgje opp samarbeidsavtalen med Distriktssenteret (KDU) og trekke på Husbanken (HB) og Nasjonalt forum for stadutvikling med Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD), KDU, Design og Arkitektur (DogA), Riksantikvaren (RA), Helsedirektoratet (Hdir), Statens vegvesen (SVV) og Miljødirektoratet (Mdir).

2.2. Kollektiv og mobilitet

Kollektiv og mobilitet															
Satsings- område	Støtter strategi					Finansiering				Gjennomføringsansvar				Kva vil vi oppnå?	Korleis gjer vi det?
	H	TS	K	ET	BT	2023	2024	2025	2026	Stat	Fylke	Kom.	Andre		
Lokalt kollektiv-tilbod	x	x	x	X	x	100 D*	100 D*	100 D*	100 D*	x	X	x	x	Sikre skuleskyss og tilgjenge til transport innan tilgjengelege budsjett gjennom produksjon av 4,15 mill. rutekilometer per år utanfor Grenland. <i>* Tal visar lokalruter i område utanfor Grenland. Basert på dagens produksjon med buss.</i>	Følgje opp kontraktar for kollektivtrafikken for skuleskyss, universell utforming og prioritering langs hovudferdselsårer for arbeids- og studentreiser. Samordning for å knyte saman tilbod (tog/buss/ferje) til effektive reisekjeder. Følgje opp regionale strategiar for kollektivtransport utanfor bykjernar/i område med låge passasjertal, båt og ferje og regional strategi for reiseliv og opplevingar.
Trafikkplanar for kollektiv-transporten	x	x	x	X	x					x	X	x	x	Auke konkurransekraft for kollektivtrafikk mot personbiltrafikk med hovudsatsing der potensialet for overgang frå bilreiser er størst. Målretta tilbod også i område med lågt passasjergrunnlag. Sørge for rasjonell og trygg skuleskyss.	Vidareutvikle kollektivtilbodet basert på grundige analyser av dagens tilbod, framtidig behov og marknadsgrunnlag for buss, tog og ferje. Samordne og styre arealutvikling for å auke kundegrunnlaget og prioritere framkome for kollektivtrafikk. Prioritering av arbeid med trafikkplanar på bakgrunn av behov og tilrettelagt samarbeid.

Kollektiv og mobilitet

Satsings- område	Støtter strategi					Finansiering				Gjennomføringsansvar				Kva vil vi oppnå?	Korleis gjer vi det?
	H	TS	K	ET	BT	2023	2024	2025	2026	Stat	Fylke	Kom.	Andre		
Skuleskyss		x	X			D*	D*	D*	D*		X	X	x	Dekkande skuleskyss med drosje, tog og privatskyss (skyssgodtgjering) for heile fylket. * Har ikkje tal for Telemark då tabellen vart laga.	Følgje opplæringslova om skuleskyss. Samarbeid om skulestruktur og felles skulerute med koordinert feriestart, ferieslutt og daglege start- og sluttider. Meir ressursar til kollektivbodem utanfor Grenland.
Kollektiv infrastruktur	x	x	X	X		I*	I*	I*	I*	x	X	x	x	Enkelt, attraktivt og god oppleving av heil reisekjede med kollektivtransport. * Har ikkje tal for Telemark då tabellen vart laga.	Sjå investeringsprogrammet for fylkesveg. Utvikle trivelege haldeplassar, bytte- og knutepunkt med universell utforming, informasjon og sykkelparkering langs fylkesvegar. Prioritere tiltak strekningsvis eller der behovet vurderast størst.
Knutepunkt- utvikling	x	x	X	x	x	1,2 D*	1,2 D*	1,2 D*	1,2 D*	x	X	x	x	Styrka sentrumsutvikling og saumlause overgangar mellom ulike reiseformer. *Vidareføring frå 2024 vil handsamast i budsjettprosess i nytt fylkesting i Telemark.	Fortsette å prioritere arbeid med knutepunkt/ haldeplassar/mobilitetspunkt og tilkomst til desse på bakgrunn av behov, rett lokalisering, samhandling og finansieringsmoglegheter. Veileder for helhetlig knutepunktutvikling, 2018 skal leggjast til grunn. Samordne knute- og mobilitetspunkt med reiseliv og opplevingar, kultur og friluftsliv.

Kollektiv og mobilitet

Satsings- område	Støtter strategi					Finansiering				Gjennomføringsansvar				Kva vil vi oppnå?	Korleis gjer vi det?
	H	TS	K	ET	BT	2023	2024	2025	2026	Stat	Fylke	Kom.	Andre		
Berekraftig kollektivtransport		x	x	X						x	X	x	x	Reduserte klimagassutslepp frå kollektivtransporten. Følg opp vedtak i sak 17/22 om Elektrifisering bussanbud handsama 6.4.2022 i hovudutval for samferdsel. Strategi for avkarbonisering av, og utsleppskutt i, kollektivtransport, skal skje gjennom auka bruk av biogass, når elektrifisering av bussparken krev nye store effektuttak i ein allereie anstrengt situasjon. Framleis tilby drosjer 1 kr per km ved bruk av nullutsleppskøyretøy, utbetalt etter rapportering.	Utnytte ledig kapasitet med fleire kollektivreisande. Sørge for materiell og teknologi for reduserte utslepp frå kollektivsektoren og tilgjenge for alle til buss, drosje, båt og ferje. Innarbeide krav i kontraktar.
Informasjon og billettprodukt	x		x	X	x	0,5 D	0,5 D	0,5 D	0,5 D	X	X		x	Sikre attraktivitet og god kjennskap til kollektivtilbodet.	Halde fram med å utvikle produkt og marknadsføre tilbodet for ulike kundegrupper. Bruke ny teknologi for saumlause reiser og god informasjon om tilbodet.
Samarbeid om mobilitet	x	x	x	X	x					X	X	X	x	Nytenking om kombinerte transportalternativ for å snu gamle vanar og få fleire til reise på miljøvenlege måtar,	Bidra i utvikling og spleiselag for mobilitetstenester i samarbeid med private, kommunar og/eller stat når det ligg til rette for dette.

Kollektiv og mobilitet

Satsings- område	Støtter strategi					Finansiering				Gjennomføringsansvar				Kva vil vi oppnå?	Korleis gjer vi det?
	H	TS	K	ET	BT	2023	2024	2025	2026	Stat	Fylke	Kom.	Andre		
														for innbyggjarar, arbeidsreiser, ferie og fritid.	
Båt og ferje		x	x	X	x	32 D*	32 D*	32 D*	32 D*	x	X	x	x	Best mogleg tilbod og klimagassreduksjonar innan tilgjengelege rammer. <i>*Fylkeskommunalt tilskot til samband i Brevik og Kragerø.</i> <i>**Midlar til gratis eller redusert billettpris.</i>	Sjå regional strategi for båt og ferje .

2.3. Fylkeskommunal infrastruktur og trafikktryggleik

Fylkeskommunal infrastruktur og trafikktryggleik															
Satsings-område	Støtter strategi					Finansiering				Gjennomføringsansvar				Kva vil vi oppnå?	Korleis gjer vi det?
	H	TS	K	ET	BT	2023	2024	2025	2026	Stat	Fylke	Kom.	Andre		
Ivareta vegkapitalen	X	x	x	x	x	D/I*	D/I*	D/I*	D/I*	x	X	x		Stoppe forfallet og ta igjen vedlikehaldsetterslepet. Stoppe forfallet og ta igjen vedlikehaldsetterslepet. Redusert investeringsbehov i transportsektoren som følgje av lågare trafikkvekst. <i>* Har ikkje tal for Telemark då tabellen vart laga.</i>	Følgje opp regional strategi for fylkesvegnettet . Balansere mellom behov for eit robust og sikkert fylkesvegnett og infrastruktur for gange, sykkel og kollektivtrafikk innan tilgjengelege rammer. Påverknadsarbeid for å auke rammeoverføringane til fylkeskommunen for å hente inn etterslep på fylkesvegar. Samarbeide om gode knutepunkt i sentrum og samordne arealbruk og transporttiltak for å redusere reisebehov og vegslitasje på kort og lang sikt.
Nullvisjonen	x	X	x	x	x	D/I*	D/I*	D/I*	D/I*	x	X	x	x	Null drepne og hardt skadde. <i>* Midlar vil settast av til høvesvis Trafikksikkerheitsordninga og aktivitetsplan til fylkets trafikksikkerheitsutval (FTU).</i>	Følgje opp Regional plan for trafikkisikkerheit. Tiltak for haldningsskapande arbeid kjem fram i FTU sin aktivitetsplan, i samarbeid med kommunar og andre aktørar. Satsing rettast mot utsette grupper og forbetringsarbeid.
Berekraftige og	x	x	x	X	x					X	X	x		Reduserte klimagassutslepp og auka natur-, vilt- og miljøomsyn i alt	Utarbeide klimarekneskap og -budsjett for vegbygging, -drift og -atterhald. Bruke

Fylkeskommunal infrastruktur og trafikktryggleik

Satsings- område	Støtter strategi					Finansiering				Gjennomføringsansvar				Kva vil vi oppnå?	Korleis gjer vi det?
	H	TS	K	ET	BT	2023	2024	2025	2026	Stat	Fylke	Kom.	Andre		
klimatilpassa løysingar														arbeid med fylkesvegar, med særleg omsyn til villrein. Utvikle veg og anlegg som tar høgde for flaum, skred og klimaendringar.	verktøyet veg-LCA. Innføre meir gjenbruk av vegelement, og ta i bruk nye klima- og miljøløysingar. Legge til rette for mjuke trafikantar og transport som gir redusert klimapåverknad. Ta omsyn til arealnøytralitet og unngå traséar i dyrka/dyrkbar mark, natur-, kultur- og friluftslivsverdiar eller areal som inneheld mye karbon. Følgje opp regionale planer for villrein (fjell- og heiplanar).
Infrastruktur for grøn mobilitet	x	x	x	X	x					X	X	X	x	Betring av reisetid, framkome, tryggleik og trivsel for miljøvenlege transportformer framfor personbiltrafikk i og omkring byar og tettstader. Eit fylke tilrettelagt og attraktivt for gåing, sykling og kollektiv.	Gjennomgåande standard der det som hovudregel skal vere gatestandard i byar og tettstader og vegstandard utanfor byane. Der ein ikkje kan bygge nytt, skal ein i større grad vurdere redusert standard og ei omprioritering av vegareal til gåing og sykling. Ha fokus på best moglege vilkår for syklistar også på fylkesvegane. Sørge for trygge og grønne omgivnader som gjer det hyggeleg og lett å velje miljøvenleg transport. Prioritere tiltak der det er godt samarbeid med heilskapleg verkemiddelbruk og

Fylkeskommunal infrastruktur og trafikktryggleik

Satsings- område	Støtter strategi					Finansiering				Gjennomføringsansvar				Kva vil vi oppnå?	Korleis gjer vi det?
	H	TS	K	ET	BT	2023	2024	2025	2026	Stat	Fylke	Kom.	Andre		
															potensialet for overgang frå personbil er størst. Følgje opp nasjonal gåstrategi og regional strategi for sykkel. Bidra i strategiane for kultur, reiseliv og opplevingar og handlingsprogram for folkehelse.

2.4. Andre område

Andre område

Satsings- område	Støtter strategi					Finansiering				Gjennomføringsansvar				Kva vil vi oppnå?	Korleis gjer vi det?
	H	TS	K	ET	BT	2023	2024	2025	2026	Stat	Fylke	Kom.	Andre		
Indikatorar	x	x	x	x	x					x	X	x	x	Oppdatert og aktuell kunnskap som grunnlag for vidare avgjerder.	Utvikle og bruke målemetodar og analyser for arealbudsjet og arealrekneskap (arealdataverktøy/ADV), klimagassutslepp, lokalisering utanfor/innanfor tettstads- og sentrumsgrenser, tettleik og stadutviklingstrekk for innbyggjarar, handel, arbeidsplassar og pendling, transportfordeling (RVU), tal på trafikantgrupper,

Andre område

Satsings- område	Støtter strategi					Finansiering				Gjennomføringsansvar				Kva vil vi oppnå?	Korleis gjer vi det?
	H	TS	K	ET	BT	2023	2024	2025	2026	Stat	Fylke	Kom.	Andre		
															løpemeter veg og gs-veg og andre målområde innan samordna areal- og transportplanlegging.
Fag- nettverk	x	x	x	x	x					x	X	x	x	Kunnskapsdeling og -utvikling innanfor areal- og transportplanlegging og stadutvikling.	Drifte og delta i fagnettverk regionalt, nasjonalt og internasjonalt å nå mål for samordna areal og transport i Telemark. Sjå elles under einkilde satsingsområde over.

2.5. Statleg påverknadsarbeid

Statleg påverknadsarbeid															
Satsings- område	Støtter strategi					Finansiering				Gjennomføringsansvar				Kva vil vi oppnå?	Korleis gjer vi det?
	H	TS	K	ET	BT	2023	2024	2025	2026	Stat	Fylke	Kom.	Andre		
IC Vestfold-banen														Utvikling av banen gjennom raskast mogleg planlegging og utbygging av dobbeltspor og nye stasjonar langs heile banen.	Følgje opp planar og prosjekt og påverke gjennom uttale til NTP og statsbudsjett. Delta i utviklingsarbeid med stasjonar langs banen.
Sørlands-banen og Bratsberg-banen														God regularitet og utbetra tilbod og infrastruktur.	Jobbe for etablering av ny tømmerterminal ved Nordagutu. Bidra til framdrift for samankopling av Vestfoldbanen og Sørlandsbanen.
Togtilbod														Styrka bu- og næringsutvikling gjennom konkurransedyktig togtilbod på alle banestrekningar.	Følgje opp i dialogmøte med statlege aktørar, togoperatørar og årlege politiske saker. Jobbe for fortsett kombinert billett på både tog og buss etter 2024.
Togforum														Politisk og administrativt samarbeid for felles informasjon, kompetanse og påverknad av togtilbodet på alle banestrekningar.	Gjennomføre møte i togforum årleg og ved behov. Ta opp i nye fylker i nye fylker korleis dette kan etablerast og samarbeidast om vidare.

Statleg påverknadsarbeid

Satsings- område	Støtter strategi					Finansiering				Gjennomføringsansvar				Kva vil vi oppnå?	Korleis gjer vi det?
	H	TS	K	ET	BT	2023	2024	2025	2026	Stat	Fylke	Kom.	Andre		
Gods på bane og sjø														Telemark og Vestfold skal vere eit nasjonalt knutepunkt for miljøvenleg transport på sjø og bane.	Delta i nettverk og prosjekt for å fremje gods på bane og i hamner med Jyllandskorridoren som ein nasjonal hovudåre for gods. Følgje opp handlingsprogram for Interregional plan for intermodal godstransport i Telemark og Vestfold.
Grøn Jyllands-korridor														Utvikle Jyllandskorridoren som ein effektiv og multimodal transportkorridor mellom Oslo og Stavanger via hamner i Larvik, Grenland og Kristiansand, til Jylland og Hamburg (utanlands-korridor 3)	Gjennomføre 3-årig Interregprosjekt saman med europeiske partnerar innan forvaltning, næringsliv og transportetatar (med atterhald om tilsegn). Vere pådrivar for tiltak i Jyllandskorridoren både nasjonalt og mot EU, gjennom samarbeid i nettverk.
Grøn nærings-transport														Raskare etablering av energistasjonar for fossilfri drivstoff for næringstransport på Austlandet.	Delta i 3-årig Klimasats-prosjekt i regi av Austlandssamarbeidet og Osloregionen. Bidra i å effektivisere sakshandsaming og identifisere areal langs hovudkorridorar for tungtransport.
Gods-konsept Vestfold og Telemark														Samarbeid for å fremje samband for godstog som kan redusere trailertrafikk i Vestfold og Telemark	Følgje opp nettverk og samarbeid mellom jernbaneetatar, hamner, industri og fylkeskommune.

Statleg påverknadsarbeid

Satsings- område	Støtter strategi					Finansiering				Gjennomføringsansvar				Kva vil vi oppnå?	Korleis gjer vi det?
	H	TS	K	ET	BT	2023	2024	2025	2026	Stat	Fylke	Kom.	Andre		
Riksveg- nettet														Utbygging av riksvegnettet som styrkar viktige nærings- og utviklingsområde i fylket.	Påverke i uttale til NTP og statsbudsjett. Jobbe for at E134 blir ein effektiv og vintersikker veg.
Fylkes- vegar														Betra rammevilkår frå staten for å ivareta vegkapitalen.	Jobbe systematisk mot nasjonale mynde med uttale til NTP og statsbudsjett.
Luft- hamnar														Styrka attraksjon i regionen for bustad, besøk og bedrifter.	Jobbe for at staten skal sørge for føreseielege økonomiske rammevilkår for dei ikkje-statlege flyplassane på Torp og Notodden, særleg med tanke på elektrifisering av luftfarten.
By- og bygde- område														Reduserte klimagassutslepp frå transport, betre folkehelse og reduserte behov for nye veginvesteringar.	Påverke staten for å styrke rammevilkår for samarbeid og spleiselag med gjensidig forpliktande avtaler for miljøvenleg transport og stadutvikling.

3. Vedlegg

Tiltak i NTP 2022–2033 i Telemark og dels Vestfold *												
Tiltak	Støtter strategi					Finansiering		Gjennomføringsansvar				Kommentar
	H	TS	K	ET	BT	2023 - 2027	2028 - 2033	Stat	Fylke	Kom.	Andre	
Togparkering Vestfoldbanen	X		x	x		2 068		X				
Ytre IC Vestfoldbanen	X		x	x		1 400	8 700	X				Nye effektpakker: To tog/t Oslo–Skien
Rv. 36 Bø–Seljord	X			x				X				Bom/ andre 2022-33: 84 mill. kr. Binding
Rv. 36 Skjelsvik–Skyggestein	X			x		200	2 594	X				Bom/ andre 2022-33: 2500 mill. kr. Stort prosjekt.
E 134 Saggrenda–Elgsjø	X			x		1 234		X				Bom/ andre 2022-33: 1 000 mill. kr. Stort prosjekt.
Rv. 41 Treungen–Vrådal	X			x		263		X				Utbetringsprosjekt
Torsbergrenna				x		284		X				Gjennomsegling
Kragerø				x		107		X				Innsegling

*) Avheng av vedtak i årlege statsbudsjett. Blir avløyst av ny NTP for perioden 2025-2036.



Overordna mål for perioden 2023–2026 er befolkningsvekst og berekraft



Vestfold og Telemark fylkeskommune
vtfk.no

Postadresse: Postboks 2844, 3702 Skien

Besøksadresser: Torggata 18, Skien / Svend Foynsgate 9, Tønsberg

Kontakt: 35 91 70 00 / post@vtfk.no